

## Saksprotokoll 11.03.2020 - hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon

Mark Taylor (MDG) sette på vegner av MDG, Ap, KrF, Sp, SV og V fram slikt forslag:

«Tillegg:

Eit nytt første kulepunkt under 2. Viktige prinsipp for tildeling av midlar:

**Klimaomsyn og berekraft:** Søkjar skal synleggjere at prosjektet tydeleg byggjer opp under FN sine berekraftsmål.

Noralv Distad (H) sette fram slikt forslag:

«Slette en del av kulepunktet:

- ~~Distrikt- og regionalpolitisk verknad: Søkjar skal synleggjere at prosjektet har distrikt- og regionalpolitisk verknad.~~

### Avrøysting

Distad sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Fylkesdirektør for innovasjon og næringsutvikling sitt forslag punkt 3-7 vart samrøystes vedteke

Taylor sitt forslag tillegg til punkt 2 vart vedteke med 12 røyster mot 2 røyster (FRP)

### Vedtak

1. Hovudutval for innovasjon og næringsutvikling vedtek overordna føringar for handsaming av søknader innan sektoren.

2. Viktige prinsipp for tildeling av midlar:

- **Klimaomsyn og berekraft:**  
Søkjar skal synleggjere at prosjektet tydeleg byggjer opp under FN sine berekraftsmål.
- **Distrikt- og regionalpolitisk verknad:**  
Prosjektet har distrikt- og regionalpolitisk verknad.
- **Utløysande effekt:**  
Tilskot frå fylkeskommunen skal ha utløysande effekt. Det vil seie at utviklingsprosjektet ikkje vil bli gjennomført utan tilskotet frå fylkeskommunen, eller at det ikkje vert gjennomført i ønska omfang eller til ønska tid.
- **Effekt over eit større geografisk område:**  
Mindre prosjekt utan regional effekt eller overføringsverdi i form av tema eller metodeutvikling får normalt ikkje støtte.
- **Drift eller investeringar i lovpålagde oppgåver**  
Midlane skal ikkje nyttast til investeringar i statlege, fylkeskommunale eller kommunale lovpålagde oppgåver. Dette gjeld også når private tek over det operative ansvaret for å utføre slike oppgåver på vegne av det offentlege.
- **Driftskostnader og vedlikehald**  
Driftskostnader i næringsverksemd eller organisasjonar kan normalt ikkje støttast om det ikkje er ein del av eit definert utviklingsprosjekt. Vedlikehald av aktivitet vert heller ikkje støtta. Vedlikehald er aktivitetar som er naudsynte for å vidareføre eit produkt eller ei teneste på same nivå som i dag. I nokon høve kan fylkeskommunen løyve midlar til godt grunngjevne tiltak med form av drift.
- **Prosjekt**  
Det kan bli gitt støtte til prosjekt som del av lokalt og regionalt utviklingsarbeid i inntil 5 år.
- **Gjennomføringsevne**  
Det vil bli lagt vekt på at søkjar har gjennomføringsevne. Det vil mellom anna seie at det vert vurdert kva kompetanse søkjar har eller vil knyte til seg, organisering og metodebruk

og sårbarheita i prosjektet. Prosjektsøknaden må vere realistisk, og risikofaktorane må vere klargjort.

3. Maksimal støttedel frå fylkeskommunen er normalt inntil 50 % av totalbudsjettet til prosjektet (eks. mva). I særskilde tilfelle som til dømes forstudiar og forprosjekt kan prosjekt støttast med ein høgare sats. Dette skal grunngjevast særskilt i saksutgreiing.
4. Reglar for godkjent timesats for eige arbeid følgjer Innovasjon Norge sine til ein kvar tid gjeldande reglar.
5. Prosjekt kan normalt ikkje kan få støtte frå fleire finansieringskjelder som fylkeskommunen disponerer, eller har overført til andre.
6. Fylkesdirektør for innovasjon og næring har høve til å gje administrative avslag dersom prosjektet ikkje er innanfor gjeldande retningslinjer og prioriterte satsingar.
7. Etter at tilskot er gitt må tilskotsmottakar søkje fylkeskommunen dersom dei ynskjer å få gjere større endringar i prosjektet. Fylkesdirektør for innovasjon og næring får fullmakt til å vurdere om slike endringar skal godkjennast.